



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Tor S Høyland / 55516266

Vår referanse:  
16/163502-2

Deres referanse:  
16/3383

Vår dato:  
01.12.2016

### Svar på høyring og offentlig ettersyn av kommunedelplan for trafikksikring 2017 – 2020 – Lindås kommune

Vi viser til dykkar oversending av 25 oktober 2016, der kommuneplan for trafikksikring for Lindås kommune for perioden 2017–2020 er sendt på høyring.

Eit systematisk trafikksikringsarbeid i kommunane er viktig for å få redusert talet på trafikkskadde og for å gje auka tryggleik for innbyggjarane. Utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar er eit viktig bidrag til dette systematiske arbeidet og Statens vegvesen er glade for at Lindås kommune nå reviderer sin trafikksikringsplan.

Det synes som om Lindås kommune har hatt ein god prosess med utarbeidinga av denne planen. Mål og tiltak er forankra i tråd med både nasjonale og fylkeskommunale føringar og det ligg ei analyse i bunn for prioriteringane i planen. Planen er bygd opp logisk og dei endelege prioriteringane er begrunna ut frå føringar og analyse.

Dei 3 hovudmåla (1–Trafikantopplæring, informasjon og kontroll, 2–Vegutforming og fysiske tiltak og 3–Kommuneplanlegging og forvaltning) sikrar eit godt og breidt trafikksikringsarbeid i Lindås kommune.

Nokre mindre kommentarar til slutt :

- Avsnitt 3.2.9. Her bør det presiserast i teksten at dette gjeld drepne, svært alvorleg skadde og alvorleg skadde. Alternativt at punktet endrar tittel til *Alvorleg skadde og drepne*.
- Avsnitt 3.2.15. Ulykkesstrekning Knarvik–Isdalstø. Her vil vi nemna at begge gangfelta på denne strekninga blei signalregulerte i 2014. Dette bør koma fram i teksten.
- Avsnitt 3.2.15. Ulykkesstrekning Vågseide–Hope. Her vil vi nemna at mellom Haukås og Kolåskrysset blei fartsgrensa satt ned til 70 km/t i 2012, at det blei etablert eit

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

dobbelt ATK-punkt på Hopeflaten i 2015, samt at det blei utført siktforbetring i kryssa til Haukås og Kolås i 2016. Dette bør koma fram i teksten.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med hilsen

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Tor S Høyland

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*